



Notat

Dato: 11.12.2015
Arkivsak: 2015/2400-22
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om trafikkutviklinga for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik

I møtebok for miljø og samferdsel den 11. november vart det teke inn følgjande spørsmål frå **Nils Marton Aadland (H)**.


Administrasjonen vert beden om å leggja fram informasjon om trafikkutviklinga for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik.

Administrasjonen vert og beden om å vurdere om det er mogeleg å få ny/betere korrespondanse mellom båt og buss.

Reisetala syner at det har vore ei svært positiv utvikling for snøggbåtsambandet Bergen-Frekhaug-Knarvik sidan etableringa i januar 2014.

Båten tek 180 passasjerar. Det er ledig kapasitet på alle avgangar. Maksimalt tal på reisande på ein tur frå Strandkaien har vore 142 reisande. I snitt er det mellom 96 og 110 passasjerar på dei mest trafikkerte avgangane. Om morgonen er det flest reisande på avgangane kl. 06.50 og 07.50 frå Knarvik. Om ettermiddagen er det flest reisande på avgangen frå Strandkaien kl. 15.30.

Månad	2014	2015
Januar	7389	8839
Februar	6422	8513
Mars	6836	8942
April	5553	8800
Mai	7831	7842
Juni	7765	8442
Juli	-	-
August	6438	8048
September	10267	11945
Oktober	9957	12462
November	9653	
Desember	6388	
Gjennomsnitt per månad	7 682	9 315



Korrespondanse mellom båt og buss

Då båtruta vart oppretta, vart det etablert ein skyttelbuss frå Knarvik skysstasjon. Bussen går til/frå Knarvik skysstasjon til alle båtavgangar. Det har hendt at det er problem med korrespondansar når båten er sein til Knarvik. Bussane kan ikkje vente lenge på båten, sidan dei skal vidare til annan produksjon seinare, mellom anna skulekøyring, som må prioriterast. Den siste tida har det likevel vore få klagar om dette.

Knarvik skysstasjon er eit knutepunkt for mange bussavgangar i rushtida. Dei reisande må planleggje avgangar til/frå distriktet ut frå det gjeldande busstilbodet. Dersom Skyss skal flytte på avgangar på dei største avgangane utover i distriktet for å tilpasse desse til båttilbodet, vil det krevje ei totalomlegging av rutetilbodet i Nordhordland. Dette er det ikkje ressursar til i dag.

I tråd med Kollektivstrategien og handlingsprogram for 2015-18, vert det arbeidd med å etablere ei regionstamlinje for nordkorridoren mellom Nordhordland og Bergen. I utkastet til driftsopplegg for denne regionstamlinja inngår også tilbod om korresponderande buss til båtavgangane, mellom Hjertås/Mjåtveitflaten og Frekhaug kai, og mellom Alvermarka og Knarvik kai. Det vert arbeidd med plan om iverksetting frå hausten 2016.